



**Byggesak**

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41  
Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001  
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø  
E-post: postmottak@lindas.kommune.no  
Heimeside: www.lindas.kommune.no  
Kartside: www.nordhordlandskart.no  
Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Jostein Antoniazzi

Skarsvegen 417  
5911 ALVERSUND

**Dykkar ref.**

**Sakshandsamar:**

Benjamin Hicks

**Vår ref.**

2012/428 - 0 -  
11616/2012

**Telefon**

56375000

**Arkivkode:**

146/21

**Dato:**

11.05.2012

*Delegert sak*

## Løyve til riving av eksisterande garasje og oppføring av ny garasje - gbnr 146/21 - Fosse ytre

Vi viser til Dykkar søknad om tiltak etter Pbl § 20-2 bokstav a, motteken den 23.03.2012. Søknaden gjelder riving av eksisterande garasje og oppføring av ny garasje, med BYA på 49,9 m<sup>2</sup>.

Til søknaden er vedlagt:

- Gjenpart av nabovarsel, motteke den 23.03.2003
- Situasjonsplan, motteken den 23.03.2003
- Teikningar, motteken den mottekne den 23.03.2003

### Merknader

- merknader frå Peter Malmqvist og Torill Vabø Malmqvist med fleire daterte den 10.03.2012, 30.03.2012, 06.03.2012, 16.04.2012
- merknad frå Gunnar Slettehaug datert den 06.03.2012
- merknader frå Marie Vabø Styve eigar daterte den 03.03.2012 og 30.03.2012

Det er fleire vedlegg til fleire av merknadane. Somme merknadar er sendt som felles merknad til saka. Søkjar sitt tilsvar på innsendte merknader er motteken.

## Vurdering

### Planstatus

Det kan sjå ut som at tiltaket er i samsvar med arealdelen til kommuneplanen med føresegner. Det må dokumenterast at samla bruksareal (BRA) for bustad, garasje og uthus ikkje overstige 400 m<sup>2</sup>.

### Merknader

Merknad frå Gunnar Slettehaug vart trekt ved straumpost av 19.03.2012.

Dei andre merknadene går i hovudsak på øydelagt drenering, private avtalar, bruksrettar og forureining. Kommunen viser til tiltakshavar sine tilsvar til mottekne merknader og pbl § 21-7. Bygningsstyremaktene skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av søknader. Det framstår ikkje som klart for bygningsstyresmaktene at tiltakshavar ikkje har dei privatrettslege rettane som søknaden føresettar. Løyve etter plan- og bygningslova inneber ingen avgjerd av dei privatrettslege tilhøva på staden. Merknadene vert soleis ikkje tekne til følge.

## Plassering av tiltaket

Tiltaket si plassering vert godkjent i samsvar med innsendt situasjonsplan og teikningar. Tiltaket si plassering skal koordinatutrekna, før utsetting av garasjehjørne.



## Gebyr

<b>§ 20-2 bokstav a utan ansvarsrett</b>	<b>Gebyr</b>
C.5.1.a	6.500
<b>SUM</b>	<b>6.500</b>

### **Vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-2 bokstav a vert søknaden godkjent på følgjande vilkår:

1. Tiltaket si plassering i både horisontalplanet og vertikalplanet vert godkjent i samsvar med saksutgreiinga.
2. Nabomerknader vert ikkje tekne til følgje.
3. Det vert gjeve fritak for varsling av Marit Vabø Pardo.
4. Det må dokumenterast at samla bruksareal (BRA) for bustad, garasje og uthus ikkje overstige 400 m<sup>2</sup> før start av byggearbeida. Dette løyve fell dersom samla bruksareal på eigedomen overskrider grensene som er skildra i punkt 5.14 i føresegnene til kommuneplanen.
5. Garasjen skal sikrast slik at is og snø ikkje kan falle ned på stader der personar og husdyr kan opphalde seg, jf TEK § 10-3.
6. Gbnr 146/34 og 146/21 må samanførast.
7. Kart- og koordinatliste for ferdig plassering skal vedleggast søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest, jf pbl § 21-10.
8. Tiltaket må ikkje takast i bruk før ferdigattest eventuelt mellombels bruksløyve er gitt, jf pbl § 21-10.

### Elles vert det opplyst om følgjande:

- Vi vil gjera Dykk merksam på at De som tiltakshavar er ansvarleg for at arbeidet vert utført i samsvar med gjeldande lover og forskrifter jamfør Pbl § 23-1 (2), 2. pkt, jf Byggesak § 12-1, TEK 10.
- Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gitt, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år, jf pbl § 21-9. Fristen kan ikkje forlengast.

*Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.*

*Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

Med helsing

Einar Urheim  
fagleiar byggesak

Benjamin Hicks  
rådgjevar

Kopi til:

Marie Vabø Styve	Krokjen 215	5912	SEIM
Torill Vabø Malmqvist, Peter Malmqvist	Skarsvegen 413	5911	ALVERSUND
Gunnar Slettehaug	Strandgaten 234	5004	Bergen
Arne Magnus Vabø	Øvre	5073	Bergen
	Fredlundsvei 9D		